

14. DES 2015

## LITTERATUR

# Dramatikk, sorg og glede

Av [ERNST OLSEN](#)

11. desember 2015, kl. 20:00

Odda i manns minne vil garantert verta ei populær julegåve.



Odda i manns minne. (Foto: Odda Mållag)

DEL



Julehefte



*Odda Mållag*



«*Odda i manns minne Nr. 24*»

2015 markerer eit jubileum både for åtaket på Noreg i 1940, og freden fem år seinare. Årets utgåve av *Odda i manns minne* inneheld mykje interessant stoff frå okkupasjonstida – frå kvardagslivet til meir dramatiske hendingar. Her er fleire augneviteskildringar frå det brutale tyske bombeangrepet mot Odda i april 1940. I tillegg er det ein fyldig oversikt over forsvarsverka som vart reist av okkupasjonsmakta under krigen, samt at ein minnest den modige innsatsen til dei som tok imot flyslepp frå England. Frå mai 1945 kan ein lesa om det fyrste norske flagget som vart heist over Odda etter at freden var eit faktum, og ikkje minst den yrande folkefesten på sjølve frigjeringsdagen.

Det tradisjonsrike juleheftet frå Odda Mållag er alltid rik på gamle avisannonser, som fortel ein heil del om samtidia. Like etter freden var det mangel på ei rekke varer, og byttehandelen blomstra. Dette er godt illustrert i ei annonse frå ein mann som ønsker seg lys sommarbukse og nye sykkeldekk, i bytte han har han tobakksblad.

«Ein nikotinhungrig lesar svarte kanskje på denne annonsen», står det i nr. 24 av *Odda i manns minne*.

Flaumens herjingar sist vinter øydela Opo slik vi hugsar den. I «Tankar om Opo og Odda Jakt- og fiskelag etter flaumen 2014», spør Oddmund Eitrheim om fiskeinteresserte oddingar kan fiska laks og sjøaure i Opo i framtida. Artikkelen hans er og eit nostalgisk tilbakeblikk på fiskehistoria i elva som renn gjennom Odda – frå flugefiskar Henry Boyd kom til Odda i 1875 og fram til teig 13 vart teke av flaumen sist haust. I tillegg til denne artikkelen er det og funne plass til ein dramatisk

fiskehistorie, som byrjar ved teig 5 i osen og sluttar lenger ute i fjorden.

Eit anna artig innslag er historia om bustadblokka Bygdarbøen 13-17, eller «Sing-Sing» som ho blir kalla på folkemunne.

Bjarne Storhei fortel om oppveksten i blokka, der faren var vaktmeister, noko som førte til at dei fekk telefon i leilegheita. Han meiner det var den einaste telefonen i «Sing-Sing» til utpå 1960-talet.

«Me måtte gå med telefonbeskjed både seint og tidleg. Det var også stor tilgang på folk som måtte låna telefonen. Men det var sjølvsagt slik det skulle vera», skriv Storhei.

Frå nyare tid er det eit kapittel om den store folkeaksjonen som oppstod i Tyssedal etter at Stortinget hadde sagt nei til ny aluminiumsfabrikk sommaren 1982. Velforeininga «Leve Tyssedal» vart skipa og skulle jobba for å redde Tyssedal som livskraftig lokalsamfunn, samt gjera det til ein god og trygg stad å leva. Unge tyssedølar i dag vil sikkert finna mykje inspirasjon i denne historia.

I tidlegare omtalar av Odda i manns minne har HF etterlyst meir stoff frå 1970- og 1980-talet, som kanskje kan bidra til å rekruttera fleire «yngre lesarar», men og denne utgåva er fyrst og fremst retta mot dei godt vaksne. Dersom trenden held fram, kan ein om nokre år verta freista til å kalla heftet for «Odda i gammal manns minne».

Historieinteresserte oddingar i alle aldrar vil likevel finne glede i alle dei artige historiene – ispedd gamle bilde, annonsar og avisfaksimilar. Odda i manns minne vil garantert verta ei populær julegåve. Det lokale mållaget har nok ein gong levert eit innhaldsrikt og underhaldande historisk produkt.

Les meir om: [litteratur](#) [kultur](#) [Odda](#) [Tyssedal](#) [Oddahistorie](#)